



Rapport pr 23 mars 2021

# Innsamla mengder pr 28 februar 2021:

(Vi har lagt om intern rapportering frå 2021, for å skilje betre opphavet til avfallet )

5,7 % nedgang i restavfallmengda.

4,8 % nedgang i matavfalls mengda

31 % nedgang i mengd papir. Justert for  
omklassifisering av papir til restavfall, 12  
%

Plast: 53 % auke med emballasjeplast i  
høve 2020. Det er tidleg på året enno, så  
lagersituasjon frå årsskiftet, kan ha ei  
rolle.

20 % nedgang i mengd innsamla glas og  
metall



# Leverte mengder til miljøstasjonen pr 28.02.

- 62 % auke i mengd restavfall
- 44 % reduksjon i mengd trevirke
- Vi ventar at aktiviteten no og framover vil ta seg gradvis opp.



# Covid -19

- Følgjer situasjonen nøye.
- Har tilgang for publikum til sprit og vaskemiddel i hallen.
- Betalingsterminal spritast mellom kundane.
- Over 90 % betalar via «Tæpping».
- Mange har dessverre lite respekt for smittefare. Har derfort innført registrering av telefonnr. for smittesporing i vekta.
- Har innført «portvakt» og smittesporing ved FA aksjonane. For mange har for lite respekt for smittefare ved møte med personar utanfor eigen familei / kohort.



# Kommunikasjon:

- Aktivitet i perioden er knytt til kvalitetsavvik på papir, emballasjeplast og emballasje for glas/ metall.
- Produksjon av årsrapportar til Statsforvaltar, SSB og styret.
- Det er stilt om VØR på Fb for tida. Lite kritikk.
- Grendalagsleiarane på besøk i fire puljer, i samband med planlegging av bygderydding 2021.
- Kommunikasjonsansvarleg er brukt på diverse prosjekt.
  1. Eigen plastbehaldar for innbyggjarane og val av innsamlingsmetode. Sjå eigen presentasjon.
  1. Type papirpose og oppsamlingsstativ i kjøkenskuff
  2. Ettersortering av papir.



# Raud boks



- Nettsideleverandøren vår Custom Publish har klar nettbasert bestilling av henting i andre halvår 2021.
- FA på bygdene i gang i Volda. Planlagt ferdig før påske. Har att Grodås aust og Lauvstad, Dravlaus og Velsvik. Har samla inn vel. 5,5 tonn småelektrisk og Farleg Avfall pr veke 11.
- God oppslutning og større mengder inn enn venta.
- Bygderydding og FA aksjon som er utandørs aktivitet, blir forsøkt samkjørt, for å minske innslag av FA i metallcontainer, som vi fekk for mykje av i fjor.
- FA Ørsta etter påske.

# Bygderydding metall og kvitevarer.

- Start over påske
- Vi prøver å gjere unna farleg avfall aksjonane først, slik at vi får redusert risiko for feilsortering i container for metall og container elektro.

# Slamtøming 2021.



- Mellomrunde i 2021.
- Oppstart veke 15-17.

# ISO 9001.

- Oppfølgingsmøte etter Leiinga sin gjennomgang står no for døra. Så langt følgjer vi måla som er settet, med særskilt fokus på kvalitet i avfallet.
- Internrevisjon i april
- Det er krevjande å endre kultur ved å følgje rutiner som er fastsett. Vi må kontinuerleg terpe og drive opplæring. Manglande oppfølgjing får konsekvensar.



# Status off. anskaffingar (investeringar.)

På utstyrssida er investeringar planlagde i 2021 for det meste utsette til 2022, grunna forseinking i byggeprosjektet på Melsgjerdet 3.

- Oppstart Melsgjerdet 3 først i mai 2022, utsetter nokre kjøp til inventar o.l.
- Containerar til emballasje for glas og metall, hytteavfall m.m.
- Utskifting av bilar og hjullastar blir starta opp når RSS får avklara sitt behov for leige av bilar framover.
- Sorteringslinje papir / glas og metall/ evnt grovt restavfall. ( blir starta utgreidd over påske)

# RBM 2021.

- Faggruppa for renovasjonsbenchmarking i Avfall Norge har sett frekvens for RBM til kvart andre år. Jfr vårt styrevedtak i sak 05-21, som då ikkje lar seg gjennomføre som vedteke.
- Brukarundersøkinga også kvar andre år
- Vi har bedt om pris og vilkår på eigen brukarundersøking i år, og samanlikning mot data i RBM 2019.

Kvalitet på emballasje av glas og metall levert Sirkel Glass. Snittet siste 6 månader. 9,2 % trekk på det leverte.

- Leveranser 2021 fom. oktober
- Oktober: 25 % trekk
- Desember 10 % trekk
- Januar lass 1, 20 % trekk. Snø og is
- Januar lass 2, 0 % trekk
- Mars lass 1, 0 % trekk
- Mars lass 2, 0 % trekk
- 3-4 timer sortering med 3 mann før kvar levering av glas/metall.

# Emballasje av glas og metall – det utsorterte.

I forkant sorterer vi ut gjennomsnittleg 5,9 % av vekta i form av avvik. I høve eigenvekta, er det eit høgt tal.

- Metall som ikkje er emballasje                                  4,5 %  
Mykje kasseroller og bildeler
- Restavfall    0,9 %  
Plastposar, og ordinært  
restavfall, keramikk, porselen
- Elektro / farleg avfall    0,5 %  
FA = mykje sprayboksar

Kvalitet på papiret: fortsatt plast og restavfall innblanda. NG har 0 toleranse. Avvik 10.03.



# Samarbeid RIR, ÅRIM, SSR og VØR

- Neste møte  
utsett til  
mai 2021.



# Tilsyn – farleg avfall – regjering - EU

§



- Ny forskrift om tvungen innsamling av plast og organisk avfall og frå næringsverksemder f.o.m. 2023 er på høyring.
- Bransjen har alt starta å tilpasse seg.



# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-1.

- Igangsettingsløyve 26 februar
- Totalentreprenør har gått inn kontrakt med underleverandørar:
  - Betong: Avage AS, Stål: Bjørdal Industrier AS, Aurstad Maskinutleige AS. Ventilasjon / luktrensing: GK Inneklima AS. Elektro: Eid Elektro AS. Rørlegging: Skaar VVS AS
- Arbeidet er i gang med legging av vatn og avlaup først.
- Teikningar: Q:\Melsgjerdet\Prosjektdokument\03 Prosjektering

# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-2.

- VØR må sende tilleggs søknad om Løyve til Statsforvaltaren. Det må søker om infiltrasjon av vassmengder fra ikke ureina områder på VØR sin tomt.
- Bakgrunn er uttale fra Statsforvaltaren(Sfv): « Sfv og Ørsta Kommune har tolka grunnlaget for løyvet ulikt når det kjem til handtering av overvassmengder for påslepp til kommunalt nett. Sfv har lagt til grunn at der er eigen overvassleidning til stade i tillegg til spillvassnett, noko som ikke er tilfelle....  
...Det er uheldig med påslepp av reine vassmasser til kommunalt renseanlegg....  
.....Det er ønske om ein felles søknad for Fase A og B, for å sjå dette mest mogleg i heilskap....  
Områder med risiko for avrenning av organisk materiale, skal som før i kommunalt spillvassnett.»

# Endringar i kontrakt.

- Leige og drift av aggregat for å forsyne med straum Kr 1500,- pr døgn.  
Straum truleg på plass i april.
- Trekkerør til framtidig ladepunkt for elektrisk lastebil. Kr 20.000,-
- Konsekvensar av evnt. endringar i Løyve, med infiltrasjon av overflatevatn frå asfaltert uteareal. Dette punktet inneholder prosjektering av Norconsult, etablering av infiltrasjonsbasseng og rensing av bilane som kører ut frå omlastehall matavfall.  
Summen har vi ikkje oversikt over enno.

# Søknad om Løyve til Biogassanlegg - status

- Statsforvaltaren: Søknad vert handsama i samband med tilleggs-søknad om infiltrasjon frå reine områder, Fase A og B.

